

Kontrollutvalet

42

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
42/18	049	17.10.2018	06.11.2018	IBM

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE


Forslag til vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 18.09.2018.

Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 18.09.2018.


Jostein Støylen
Dagleg leiar


Ida Birgitte Marholm
Konsulent

M Ø T E P R O T O K O L L

UTVAL: Kontrollutvalet
DATO: 18. september 2018
STAD: Vågsøy rådhus, Einevarden
TID: 08.00 – 10.15

DELTAKANDE I MØTET:

Kontrollutvalet: Inger Grethe Dalehamn, leiar
 Randi Husevåg, nestleiar
 Olav Gjesdal, medlem
 Jostein Mykland, medlem
 Ikkje mulig å få tak i vara.

Vest kontroll: Jostein Støylen, dagleg leiar

Kommunerevisjonen
i Nordfjord: Torill Monsen, revisor

Vågsøy kommune: Rita Kvamme, personalsjef. I sak 30 og 41

Fråfall: Klaus Iversen, medlem

Møtet var leia av: Inger Grethe Dalehamn, leiar

SAKLISTE

- SAK 26/18 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLL
- SAK 27/18 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ SISTE MØTE
- SAK 28/18 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2018
- SAK 29/18 BUDSJETT FOR KONTROLLUTVALET 2019
- SAK 30/18 OPPØLGING AV REVISJONSRAPPORT – ARBEID MED ETIKK I KOMMUNEN
- SAK 31/18 ORIENTERING – REFUSJONAR FRÅ NAV
- SAK 32/18 PROSJEKTPLAN – SELSKAPSKONTROLL MED FORVALTNINGSREVISJON I NORDFJORD HAVN IKS
- SAK 33/18 REKNESKAP OG REVISJONSBERETNING 2017 FOR NORDFJORD HAVN IKS
- SAK 34/18 ÅRSMELDING MED REKNESKAP OG REVISJONSBERETNING FOR NORDFJORD MILJØVERK IKS
- SAK 35/18 ÅRSMELDING 2017 FOR NORDFJORDNETT IKS
- SAK 36/18 ÅRSMELDING MED REKNESKAP OG REVISJONSBERETNING 2017 FOR ASVO MÅLØY AS
- SAK 37/18 REKNESKAP OG REVISJONSBERETNING 2017 FOR VÅGSØY PARKERING AS
- SAK 38/18 OVERORDNA REVISJONSSTRATEGI 2018 – FINANSIELL REVISJON
- SAK 39/18 ORIENTERING OM LØPANDE REVISJON PR JULI 2018
- SAK 40/18 ORIENTERING OM VEST KONTROLL

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
26/18	033	30.08.2018	18.09.2018	IBM

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLL

Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vert godkjent.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Jostein Mykland.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
27/18	049	30.08.2018	18.09.2018	IBM

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 21.06.2018.

Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 21.06.2018.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
28/18	033&58	31.08.2018	18.09.2018	IBM

GJENNOMGANG MØTEPROTOKOLLAR 2018

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ikkje merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

Saksopplysning

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Møteprotokollar til gjennomgang

- Formannskapet 16.08
- Ungdomsrådet 20.06
- Viltnemnd 04.09

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
29/18	151	22.08.2018	18.09.2018	JS

BUDSJETT FOR KONTROLLUTVALET 2019

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet ber kommunestyret løyve kr. 50.000,- til fri disposisjon for kontrollutvalet i budsjett for 2019. Leiar og møtegodtgjersle kjem i tillegg.

Vedlegg

Ingen.

Saksopplysningar

Budsjett for Vest kontroll – sekretariat for kontrollutval vert vedteke av styret for selskapet (samarbeidet). Dette budsjettvedtaket legg rådmannen inn i kommunebudsjettet. Sekretariatet er det utøvande lekk for kontrollutvalet.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet skriv mellom anna dette i Kontrollutvalsboka (2016):
«Det er avgjerande for godt kontrollarbeid at kontrollutvalsmedlemer blir sette i stand til å utøve vervet sitt på ein god måte: Kommunestyret bør sørge for at det er tilstrekkeleg budsjett til at kontrollutvalsmedlemmene kan delta på kurs og konferansar.»
«Kommunestyret er ansvarleg for at kontrollutvalsmedlemmene og varamedlemmene får tilstrekkeleg opplæring i sine kontroll- og tilsynsoppgåver.»
«Kontrollutvalet bør sørge for at medlemmene (både faste og vara) får tilstrekkeleg opplæring. Det vil vere nyttig at utvalet held seg orientert om arrangement i regi av bransjeorganisasjonar og foreiningar, og sjølv tek initiativ til kurs medlemmene har trong for»
I tillegg til den grunnleggjande opplæringa er det viktig at kontrollutvalet held seg oppdaterte. Dette er ein kontinuerlig prosess som det må løyvast midlar til.
For å gi kontrollutvalet gode arbeidsvilkår må kommunestyret stille naudsynte ressursar til disposisjon. (Kontrollutvalsboka 2016:16) Difor må kontrollutvalet ha sitt eige budsjett som mellom anna skal dekkje opplæring, kurs/konferansar, litteratur m.m.
Dette gjer at kontrollutvalet må be kommunestyret om budsjett i 2019 pålydande kr. 50.000,-. Dette er auke i høve til 2018. Årsaka er kursopplæring lokalt, regionalt og nasjonalt for dei nye kontrollutvala/kontrollutvalsmedlemane som vert valde hausten 2019.

Større særskilde tiltak/saker slik som gransking og større forvaltningsrevisjonar er halde utan om dette budsjettet. Her gjeld hovudregelen om at kontrollutvalet i førekant søkjer kommunestyret for å få løyvd nødvendige midlar.

Budsjettframlegget til kontrollutvalet kan berre endrast av kommunestyret.

«Grunnen til at budsjettet til kontrollutvalet er i ei særstilling, er at utvalet skal vere fritt og uavhengig av dei organa som utvalet skal kontrollere. Det er uheldig om administrasjonen eller eit organ som kontrollutvalet skal kontrollere og ha tilsyn med, til dømes formannskapet eller administrasjonsutvalet, får innverknad på budsjetttramma til tilsynsorganet. (Kontrollutvalsboka 2016:16)

Budsjettframlegget til kontrollutvalet skal uendra følgje det samla budsjettframlegget til kommunestyret, slik at kommunestyret ved budsjetthandsaminga har informasjon om både kontrollutvalet sitt framlegg og formannskapet si innstilling til budsjett.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
30/18	217	10.09.2018	18.09.2018	IBM

OPPFØLGING AV REVISJONSRAPPORT – ARBEID MED ETIKK I KOMMUNEN

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek orienteringa frå personalsjefen til vitende, og meiner revisjonsrapport Arbeid med etikk i kommunen er tilfredsstillande oppfylt.

Vedlegg

1. Etisk standard Vågsøy kommune
2. Utskrift frå møteprotokoll - kontrollutvalssak 46/17

Saksopplysningar

Kontrollutvalet gjorde i sak 46/17 slikt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet tek til vitende revisjonsrapport – Arbeid med etikk i kommunen, Vågsøy kommune (Utarbeida av Kommunerevisjonen i Nordfjord, datert 15.11.2017).
2. Kontrollutvalet ber rådmannen snarast revidere retningslinene, og gi tilbakemelding når dette er fullført.
3. Kontrollutvalet ber rådmannen snarast gjere retningslinene meir tilgjengelege for tilsette og andre, og gi tilbakemelding når dette er fullført.

Rådmannen skriv 05.09.2018:

Slike er utarbeida og lagt i Kvalitetslosen/Compilo 11.01.2018. Dei er utarbeida i fellesskap med Tenesteleiarane og gjort kjent for tilsette gjennom kvalitetssystemet.

Personalsjef Rita Kvamme vil orientere i møtet og svare på evt. spørsmål.

I møtet

Personalsjef orienterte:

- Det er utarbeida nytt relement/standard
- Tenesteleiarane skal få det ut i einingane
- Lagt inn på Kvalitetslosen som alle tilsette skal ha tilgang til og opplæring i
- Ikkje lagt inn på kommunen si heimeside – kan ikkje ha for mange plassar å oppdatere

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
31/18	030&18	03.09.2018	18.09.2018	IBM

ORIENTERING – REFUSJONAR FRÅ NAV

Samrøystes vedtak

Orienteringa frå personalsjef vert teken til vitende.

Vedlegg

Ingen.

Saksopplysningar

Personalsjef Rita Kvamme vil orientere om refusjonar frå NAV.

I møtet

Personalsjef orienterte:

- Rutinen i høve Nav.
- Person midlertidig i 40% stilling.
- Fått inn 700.000 og lovnad om 1,8 mill. Totalt utestående 4,5 mill.
- Vert jobba for å få til fast stilling til området, men det er opp til kommunestyret.

Saknr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
32/18	217	23.08.2018	18.09.2018	IBM

PROSJEKTPLAN – SELSKAPSKONTROLL MED FORVALTNINGSREVISJON I NORDFJORD HAVN IKS

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet ber Kommunerevisjonen i Nordfjord utarbeide selskapskontroll med forvaltningsrevisjon i Nordfjord havn IKS, jf. prosjektplan.

Vedlegg

Prosjektplan – Selskapskontroll med forvaltningsrevisjon i Nordfjord havn IKS. Utarbeida av Kommunerevisjonen i Nordfjord. Datert 18.07.2018

Saksopplysningar

Kontrollutvalet vedtok i sak 19/18 at det skal utførast selskapskontroll av Nordfjord havn IKS.

Kommunerevisjonen i Nordfjord har utarbeida prosjektplan, med fylgjande problemstillingar:

1. Er ansvar og arbeidsfordeling mellom representantskapet og styret, og mellom dagleg leiar og styreleiar, i samsvar med det som er bestemt om dette i styringsdokumentet for selskapet?
2. Ivaretek selskapet dei mål som måtte vere sett for selskapet?
3. Er selskapet sin praksis på innkjøpsområdet i tråd med lov og forskrift?

Revisjonen ser føre seg at selskapskontrollen munnar ut i ein felles rapport for alle dei aktuelle kommunane der det vert svarta på hovudproblemstillingane med underpunkt.

Problemstillingar, kriterium og avgrensingar kan bli endra dersom arbeidet med prosjektet gjer dette naudsynt eller bidreg til å auke kvaliteten på rapporten. Dersom slike endringar kjem i konflikt med tinginga, vil dette bli teke opp med kontrollutvalet sitt sekretariat.

Viser elles til vedlagte prosjektplan for utfyllande informasjon.

I møtet

Ein bør vurdere om det er mulig å få vurdert følgjande i selskapskontrollen:

Gjennomgang av vedtak, kontraktar og avtaler for å klargjere om selskapet sin praksis er i tråd med Hamn- og færvannslova, samt anna lovverk.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
33/18	026	24.08.2018	18.09.2018	IBM

REKNESKAP OG REVISJONSBERETNING 2017 FOR NORDFJORD HAVN IKS

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek rekneskap og revisjonberetning 2017 for Nordfjord Havn IKS til vitende.

Vedlegg

1. Årsrekneskap 2017
2. Revisjonsberetning

Saksopplysningar

Kontrollutvalet skal i samsvar med Kommuneleva § 77,5 og Forskrift om kontrollutval § 13 sjå til at det vert ført kontroll med kommunens interesse i selskap. Vi legg difor fram rekneskap og revisjonsberetning. Viser til vedlegg for utfyllande informasjon.

I møtet

Kontrollutvalet stiller spørsmål vedkomande note 6, gjeld til Stryn kommune, og ber om meir informasjon/forklaring frå selskapet og Kommunerevisjonen i Nordfjord som reviderer Stryn kommune.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
34/18	026	24.08.2018	18.09.2018	IBM

ÅRSMELDING MED REKNESKAP OG REVISJONSBERETNING 2017 FOR NORDFJORD MILJØVERK IKS

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek årsmelding med rekneskap og revisjonberetning 2017 for Nordfjord miljøverk IKS til vitende.

Vedlegg

Årsmelding 2017 med rekneskap og revisjonsberetning

Saksopplysningar

Kontrollutvalet skal i samsvar med Kommuneleva § 77,5 og Forskrift om kontrollutval § 13 sjå til at det vert ført kontroll med kommunens interesse i selskap. Vi legg difor fram årsmelding med rekneskap og revisjonsberetning. Viser til vedlegg for utfyllande informasjon.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
35/18	026	24.08.2018	18.09.2018	IBM

ÅRSMELDING 2017 FOR NORDFJORDNETT IKS

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek årsmelding 2017 for Nordfjordnett IKS til vitende.

Vedlegg

Årsmelding 2017

Saksopplysningar

Kontrollutvalet skal i samsvar med Kommunelova § 77,5 og Forskrift om kontrollutval § 13 sjå til at det vert ført kontroll med kommunens interesse i selskap. Vi legg difor fram årsmelding. Viser til vedlegg for utfyllande informasjon.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
36/18	026	03.09.2018	18.09.2018	IBM

ÅRSMELDING MED REKNESKAP OG REVISJONSBERETNING 2017 FOR ASVO MÅLØY AS

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek årsmelding med rekneskap og revisjonsberetning 2017 for ASVO Måløy AS til vitende.

Vedlegg

Årsmelding 2017 med rekneskap og revisjonsberetning

Saksopplysningar

Kontrollutvalet skal i samsvar med Kommunelova § 77,5 og Forskrift om kontrollutval § 13 sjå til at det vert ført kontroll med kommunens interesse i selskap. Vi legg difor fram årsmelding med rekneskap og revisjonsberetning. Viser til vedlegg for utfyllande informasjon.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
37/18	026	03.09.2018	18.09.2018	IBM

REKNESKAP OG REVISJONSBERETNING 2017 FOR VÅGSØY PARKERING AS

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek rekneskap og revisjonberetning 2017 for Vågsøy parkering AS til vitende.

Vedlegg

Årsrekneskap 2017 med Revisjonsberetning

Saksopplysningar

Kontrollutvalet skal i samsvar med Kommunelova § 77,5 og Forskrift om kontrollutval § 13 sjå til at det vert ført kontroll med kommunens interesse i selskap. Vi legg difor fram rekneskap og revisjonsberetning. Viser til vedlegg for utfyllande informasjon.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
38/18	216	10.09.2018	18.09.2018	IBM

OVERORDNA REVISJONSSTRATEGI 2018 - FINANSIELL REVISJON

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek orienteringa frå revisor til vitende.

Vedlegg

1. Overordnet revisjonsstrategi. Utarbeida av Kommunerevisjonen i Nordfjord, motteke 05.09.2018.

Saksopplysningar

Revisor gjennomgår si planlegging av finansiell revisjon for revisjonsåret.

I møtet

Revisor gikk gjennom planlegginga på finansiell revisjon for 2018.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
39/18	216	10.09.2018	18.09.2018	IBM

ORIENTERING OM LØPANDE REVISJON PR JULI 2018

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek orientering om løpande revisjon pr juli 2018 til vitende.

Vedlegg

Orientering om løpande revisjon pr juli 2018. Utarbeida av Kommunerevisjonen i Nordfjord, motteke 05.09.2018

Saksopplysningar

Revisor gjennomgår løpande revisjon pr juli 2018 i møtet. Viser elles til vedlegget.

I møtet

Revisor gikk igjennom status for finansiell revisjon per juli 2018.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
40/18	033	18.09.2018	18.09.2018	JS

ORIENTERING OM VEST KONTROLL

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitende.

Vedlegg

Ingen.

Saksopplysningar

Kontrollutvalsleiar/nestleiar i styret for Vest kontroll Inger Grethe Dalehamn og dagleg leiar i Vest kontroll Jostein Støylen orienterte om kva som er gjort for å sikre selskapet frå 01.01.2020.

Møtet slutt.

Inger Grethe Dalehamn
Leiar

Jostein Mykland
Medlem

Møteprotokollen går til:

Kommunestyret
Kommunerevisjonen i Nordfjord
Rådmann til orientering
Ordfører til orientering